

1.

Kva er ei kommune?

– Du møter kommunen når du leverer på SFO om morgonen. Du møter kommunen når du ser Norge Rundt saman med di gamle mor ein fredagskveld på Hadartun. Du møter kommunen når du kan snakke med ordføraren på Byggern laurdag og spørje om næringsfondet.

Det er ingenting i intensjonsavtalane som tilseier kommunen blir betre av samanslåing. Å røyste for Hareid som før, er å røyste ja til å sikre at innbyggjarane i Hareid får behalde gode tenester.

2.

Intensjonsavtalane er ikkje verdt papiret dei er skrive på. Grunnen til at vi får så lite informasjon er at ingen veit kva det nye kommunestyret i Myrvåg eller Ålesund kjem til å finne på. Dei som skal site der er ikkje påkomne enno. Dei kan finne på kva som helst og er ikkje bundne av intensjonsavtalar.

3.

Styresmaktene vil presse Hareid til å legge seg under Ålesund eller verte ein del av Runde. Dei brukar det nye inntektssystemet som pressmiddel, og seier vi er frivillige små. Det er tull. Dersom vi taper 1 mill er det under 0,5 % av budsjettet og det er sjølvråderetten verdt!

4.

Det høyrest ut som at vi blir pressa inn i samanslåing. Folk spør: kor lenge får vi vere eiga kommune? Kanskje vi misser tilskot og til slutt vert slegne saman med tvang. Det er gode spørsmål – men vi misser ikkje sjansen til å styre dette ein seinare gong.

Vi kan ikkje slå oss saman med nokon fordi "det kjem til å gå den vegen likevel. Det liknar på t.d. EU-debatten, vi står att på perrongen når siste toget går. "Dersom vi ikkje går inn, blir vi akterutsegla." – No kan vi vere glade for den vesle sjølvråderetten vi framleis har.

Og om vi mister tilskot? Etter eit budsjettforlik om nytt inntektssystem får vi kanskje akkurat det same eller ein million eller to mindre. Det er under 0,5% av budsjettet til kommunen - eller om lag halvparten av feilmarginen vi reknar på pensjonspremien. Så utarming blir det definitivt ikkje. Det som vil gje utarming er derimot å spleise på dei vanvittige gjeldene til Ålesund, eller i Ulstein. Ulstein tek no like mykje opp i gjeld per år som vi har totalt! Drifta i Hareid er ikkje rigga til å vere med på dette spleiselaget no. Då må vi blande våre få, men gode sølvdalar (som vi får svært mykje ut av kvar krone for) - opp i gryta til økonomiar som har ein heilt annan politikk med "effektiv stordrift." Korleis kan eg garantere bibliotek på Hareid, symjebasseng og alt anna i ein framtidig debatt om stordriftfordelar? Då har vi ikkje ein sjanse i eitt nytt kommunestyre i Myrvåg eller i bystyresalen i Ålesund. Det blir uråd å fordele noko rettferdig til hareidssamfunnet frå Myrvåg eller Ålesund.

Ein ting er heilt sikkert: det er alle andre som vil ha Hareid. Vi treng aldri å stå med huvå i handa nokon plass. Her er god kvalitet, gode areal, flotte folk og kort veg til både ein politikar og budsjettet. Det er dette som er eksklusivt, og dersom vi skulle kome borti

likande reformbonanza ein annan gong, har vi svært gode kort på handa. Vi har låg gjeld i forhold til alle andre, vi har effektiv drift, oversiktleg økonomi og kort veg til det meste.

Viktigast av alt: norske kommunar har sjølvråderett. Det er berre ei lovendring i Stortinget som kan tvinge oss - men vi må ingenting. No brukar vi hovudet - reknar på fakta - og eg kan love ein ting: Samanslåing løner seg ikkje dersom du bur i Hareid.

5.

Sagt på rådhuset på Hareid:

Det einaste Gunder (Runde (kommune)) og Kristian er samde om er at dei går for Hareid.

6.

Folk:

1. Joachim Moldskred
2. Bjørn Vegard Bjåstad
3. Elias Johan Liavåg
4. Fredrik Knutsen Bjåstad
5. Ranja Dimmen Alme
6. Einar Måseide
7. Annika Hove
8. Laila Kristin Bjåstad
9. Ingunn Pettersen
10. Marianne Rønsholm Overå
11. Øystein Orten
12. Ragnhild Nedrelid
13. Ola Lynge Bigset
14. Yvonne Øvreliid Breivik